



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik sokneråd

Årsmelding 2020

Lavik sokneråd:

Leiar:	Tonje Førde Systad
Nestleiar:	Toril Lange
Sekretær:	Torunn Styve
Medlem:	Rolf Aamot
Medlem:	Katrin Borlaug Ringereide
Medlem:	Monica Sunde Tjønnås
Sokneprest:	Geir Sørebo/Andreas Ester
1.vara:	Wenche Liljedal
2.vara:	Annbjörg N Kristensen
3.vara:	Maria P Zimmermann Espeseth
4.vara:	Hilde Iren S Bosdal
5. vara:	Terje Båtnes



Repr. i Høyanger kyrkjelege fellestråd

Tonje Førde Systad

Torunn Styve

Pers. vara: Rolf Aamot

Pers. vara: Monica Sunde Tjønnås

PERSONALSITUASJONEN.

Sokneprest:	Andreas Ester/Geir Sørebo Vinteren/våren 2020 hadde Andreas Ester permisjon for å vikariere i Høyanger/Kyrkjebø/Vadeheim. I løpet av året slutta han i stillinga som sokneprest i Lavik og Bjordal& Ortnevik sokn og vart tilsett i stillinga som sokneprest i Høyanger og Kyrkjebø sokn. Store deler av året har Geir Sørebo vore vikarprest i Lavik, frå 1. jan og ut april og frå 1. september og ut året.
Prost:	Reidar Knapstad/ Knut Magne Nesse.
Kantor:	Gerda Otterstein
Kyrkjelydsped.	Toril Lange
Kyrkjeverje	Bjørnar Otterstein
Sekretær:	Katarina Vattekar
Kyrkjetenar:	På dugnad: Bjarne Hellebø, Audun Engedal og Olav Hellebø
Klokkar:	På dugnad: Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Anette Ester, Olav Hellebø, Toril Lange, Audun Engedal.
Kyrkjevert:	Soknerådsmedlemene er kyrkjevertar. Katrin Borlaug Ringereide, Tonje Førde Systad, Rolf Aamot, Annbjörg N Kristensen, Wenche Liljedal, Torunn Styve, Toril Lange, Monica Sunde Tjønnås.

Diakoniutval/

Kontaktgruppa: Jorunn Skår, Helen Voos, Anny Rysjedal, Bjørg Støldal,
Aud Andreassen.

Kontaktperson Kirkens Nødhjelp : Bjarne Hellebø.

Kasserar: Liv Aven

Revisor: Bjarne Hellebø

Lavik sokneråd har hatt 5 møter og har handsama 29 saker. Hovudsakene har vore gudstenestepplan og planlegging av gudstenester, oppfølging av visitasmelding og utfordringar med planlegging av samling for menneske midt i livet, Mat og Prat, Høyanger bedehus, lys på parkeringsplass og lydanlegget til kyrkje.

Soknerådet mottok godtgjersle frå Høyanger kyrkjelege fellesråd for det arbeidet frivillige utfører i samband med kyrkjelege handlingar og drift av kyrkja (kløkkar, vask og kyrkjetenar).

GUDSTENESTER, KYRKJELEGE HANDLINGAR OG KYRKJELYDSSAMLINGAR

Årsstatistikk	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester	22	19	20	21	24	19	20	26/22	21/19
Deltakarar	693	953	753	1065	833	831	690	1102/ 864	840/745
Guds m/nattv	13	10	12	8	14	9	7	15/12	6/5
Delt nattverd	155	156	153	163	219	127	103	438/ 263	185/110
Dåp	5	6	2	6	5	2	4	5	5
Konfirmentar	2	2	5	8	6	7	2	2	6
Vigsler	3	0	1	2	0	1	0	0	0
Gravferder	10	6	6	10	8	3	2	4	9
Andakter på helsesenteret	10	10	10	10	11	10	10	10	4
Takkoffer	20347	24032	17758	31238	23179	19830	21500	40942 25539	30049/ 19324

Frå 2019 vart nokre av gudstenestene på Alværa med i årsstatistikken for Lavik. For Alværa det følgjande tal for 2020. . Tala i parentes var i 2019. 2(4) av gudstenester med 75 (238) deltakarar; 1 (3) nattverdsgudsteneste med 37 (175) deltakararar og takkoffer er på 10.725,- (15403,-)

Lavik kantori vart stifta i våren 2018. Koret har 12 medlemar; både nord -og sørsida i Høyanger kommune og frå Hyllestad. Kantoret øver til vanleg kvar tysdag i Lavik kyrkje.

Pga Covid 19 har ikkje koret hatt øvingar i store deler av 2020. Kantor er dirigent for kantoriet.

Mat og prat.

Som oppfølging av visitasmeldinga frå desember 2019 og spørjeundersøkinga frå same år, var det planlagt samling for «mennesker midt i livet» på Alværa 11. november - *Mat og Prat* med tema Dei ti bod i ei moderne tid. Pga nye innstrammingar vart Mat og Prat utsett til 2021.

50-årskonfirmantar

Søndag 29.august var det gudsteneste der dei som var konfirmerte for 50 år sidan var inviterte. 7 av 11 konfirmantar møtte. På same gudsteneste vart 5 ungdomar som skal vere med på konfirmantopplegget skuleåret 20/21 presenterte.

Årsfest/årsmøte/Kyrkjelydsfest

vart avvikla 27. februar på Alværa. Festen starta med middag, før musikkinnslag ved born, andakt ved Geir Sørebo og årsmøte. Kvelden vart avslutta med kaffi og kaker. 15 born og 24 vaksne møtte. På årsmøte la soknerådet fram årsmelding og rekneskap.

Fasteaksjonen 2020

hadde ingen bøsseinnsamling. Fasteaksjonen 23.-24. mars måtte gjennomførast digitalt.. Lavik Kyrkjelyden oppretta ein digital innsamlingsaksjon, i tillegg kunne folk gje på andre måter. Det kom inn kr 11104,- nokre tusen mindre enn tidlegare år.

Påske i koronatid.

Gudstenestene som var planlagt vart avlyst. Men påskeaftan var det open kyrkje frå kl.17.00 - 18.00 medan påskehelga vart ringt inn. Etter oppmoding vart det også ringt med kyrkjeklokkene 1. påskedag som ei påminning om at det skulle vore påsegudsteneste. Frå påskeaftan til og med pinse var det høve til å gå *Påsketidsvandring* rundt Lavik kyrkje – ei vandring med 14 stasjonar med bibeltekstar om Jesu oppstode og håp. Plansjane er utgitt av Balestrand sokneråd og teikna av Magne V Kristiansen.

Vedlikehald på kyrkja:

Det vart oppdaga ein lekkasje i overkant av hovuddøra i kyrkja. Lekkasjen er ordna. Glasa/vindauga i tårnet er rote, og spesielt nordvindaugget. Desse bør skiftast. Det betyr også at ein ikkje vågar å opne vindauga ved ringing slik det har vore vanleg tidlegare.

Økonomisk støtte:

Soknerådet vedtok å støtte «Krafttak for misjon» som bispedømmerådet hadde tatt initiativ til. Sokna vart oppmoda om å gje 5000,- til misjonen i juni. I takkoffer og gåva, sendte soknerådet 5000 til misjonsprosjektet i Mali. Soknerådet støtta også innspelninga av den digitale julegudstenesta med kr 4000,-

Pandemien har sett sitt preg på 2020, og også det som har skjedd i kyrkja og kyrkjelydsarbeidet. Frå 12. mars til mot slutten av mai, vart 4 gudstenester vart avlyst og 2 vart flytta. I løpet av sommaren vart det 2 ekstra gudstenester - dåpsgudstenester (som er med i statistikken).

Samtalegudstenesta som skulle vere saman med Hyllestad-konfirmantane i Hyllestad-konfirmantane vart avlyst. I staden var det samtalegudsteneste for Lavik-konfirmantane ein kvardsskveld i juni. Konfirmasjonsgudstenesta vart flytta til hausten.

Pga pandemien vart det ikkje heller ikkje påskemåltid skjærtorsdag og open kyrkje i sommar. Det var heller ikkje friluftsgudsteneste i 2020.

BARNE-OG UNGDOMSARBEID

I 2020 er det gjennomført følgjande tiltak:

Utdeling av Mi kyrkjebok 4 og Mi kyrkjebok 6 var på hausttakkefesten i september. Torsdagen same veke var det 4- og 6-årssamling i kyrkja.

Hausttakkefest

vart gjennom som vanleg, det born frå 3-4 år og eldre vart inviterte. Pga restriksjonar var det kun 4 og 6-åringar som hadde med seg korger med frukt og grønt som dei bar inn i inngangsprosesjonen. Alle born fekk bøker: 0-1år: *Lille sau*; 2-3 år: *Måne og sol, kartongbok med lyd*; 5 år: *Pulsebibelen*; 7-8 år: *Evangeliet for barn (teikneserie)*, 9. år: *Munken Munka* 10-11år: *Teikneseriebibelen*. I tillegg vart det delt Kyrkjebok til 4 – og 6-åringar. Tilsamen vart det delt ut 25 bøker.

Tårnagenthelg.

15 born frå 8-12 år var med på tårnagentar i byrjinga av januar. Dei eldste var med som engelvaktar. Første samlinga var ein fredag etter skuletid og påfølgjande søndag var det tårnagentgudsteneste.

Minikonfirmantar:

Minikonfirmantopplegget for 4.-6. klasse starta hausten 2019. Vinteren 2020 var det 2 samlingar før nedstenginga kom. Dei 2 siste samlingane måtte avlysast, likeins minikonfirmantleiren saman med andre minikonfirmantar frå andre kyrkjelyder i Ytre Sogn i april. Avslutningsgudstenesta måtte avlysast, men i slutten av mai kunne vi invitere minikonfirmantar med familie til ei samling der i kyrkja der alle fekk diplom.

T-dagar: Trusopplæringsdagar

Vinteren 2020 vart det gjennomført 2 t-dagar 5. febr og 4. mars - for 1. 4.klasse. 13 born var med på 1 eller begge t-dagane. Hausten 2020 var det t-dag 14. okt, 4. nov og 25. nov. Samlingane var på Alværa på onsdagar i SFO-tid.

Adventssamling for 5.-7. klasse.

Ein fredagsettermiddag i slutten av november med forming, julesongar og juleforteljing, julebrus og pepparkaker.

Leirdøgn på Alværa

våren 2020 måtte vi diverre avlyse leirdøgnet på Alværa pga. smittevernsrestriksjonar.

Konfirmantar

Laurdag 26. september 2020 vart 3 jenter og 3 gutar konfirmerte i Lavik kyrkje. Konfirmasjonen var blitt utsett frå 23. mai, i påvente av at det skulle vere lov å samle fleire ved konfirmasjonsgudstenesta. Alle fekk invitere med 15 gjestar i kyrkja. Lavik har felles konfirmantopplegg med Hyllestad. Dei fleste konfirmantsamlingane er i Hyllestad kyrkje der det er godt eigna lokale. Vinteren 2020 vart eit litt annleis konfirmantsemester. Men heldigvis var mykje av opplegget alt gjennomført då landet i nedstengt 12. mars. I januar var med på konfirmantweekend på Alværa saman med konfirmantar frå Bjordal og Ornevik og Balestrand i tillegg til Hyllestad. Lavikkonfirmantane var med på ei samling på Helsesenteret i slutten av januar. Dei var også med på Fasteaksjonen digitalt. Rett etter påske, gjekk konfirmantane påsketidsvandringa rundt kyrkja. Eit team på 4-5 har hatt ansvar for konfirmantopplegget i vinteren 2020. Frå Lavik var det Andreas Ester og Toril Lange.

Hausten 2020 var det 5 konfirmantar. Konfirmantane deltok på presentasjonsgudstenesta, hausttakkefesten og lysmessa i desember. Nattcup i Førde i oktober saman med konfirmantar frå Ytre Sogn og Sunnfjord, vart dessverre avlyst. Det har berre vore nokre får fellessamlingar med Hyllestad. Pga restriksjonar har Lavik-konfirmantane stort sett vore åleine: Då har samlingane vore på Alværa. Ansvarleg for opplegget hausten 2020 var Toril Lange.

For 3 år på rad framførte born **juleforteljinga** i samband med familiegudstenesta på julaftan. Juleforteljinga vart også spelt inn til den digitale gudstenesta som skulle sendast på julaftan. 10 born deltok kvar gong, tilsamen 15 var med. Alder: 5 til 12 år.

Leir på Alværa.

Soknerådet ser på leir som ein del av kyrkjelyden si trusopplæringa og støtter difor born /unge frå Lavik med kr 200,- pr leir. 11 born har delteke på ein eller fleire leiarar på Alværa i 2020. Soknerådet har utbetalt kr 5200,- i leirstøtte

Det er ein fin og kjekk gjeng med born som møtast på dei ulike samlingane.

Men vi skulle gjerne hatt tilbod til alle aldersgrupper.

Vi starta året med å drøfte kva som gjerast for dei under skulealder og likeins for 5. klasse og eldre. Det var også planlagt eit seminar med «Naboen min» i løpet av hausten 2020. Men som mykje anna, har vi valt å vente med nye tiltak til situasjonen er litt meir normal igjen.

Lavik korskule (Kantori korskule)

er 1 av 2 korskular som for born som kantor starta i 2020. Første øving var 7. november, og 6 born i alder 2. -7. klasse er med. Born frå begge kora var medverkande på den digitale juleaftangudstenesta som sokneråda i kommunen stod bak.

Vedlegg: årsmelding til koret.

Oppsummering – vegen vidare

Det har skjedd mykje positivt og mykje vi kan glede oss over i Lavik kyrkjelyd i 2020 - trass periodar med nedstenging og restriksjonar.

- Vi har i store deler av året kunne samle born og unge til aktivitetar
- Vi har kunne feire gudsteneste – men med avstand og restriksjonar.
- Foreldre har kunne kome til kyrkje med borna sine til dåp
- Vi har kunne samlast til gravferder

Når pandemien er over, vil vi framleis satse på å legge til rette for gode møtestader.

Kyrkjekaffi fungerer godt, og dei aller fleste stoppar igjen til kaffi og prat.

Vi opplevde at nye aktivitetar vi vurderte å satse på, måtte utsetjast. Soknerådet hadde gripe fatt i spørjeundersøkinga frå våren 2019 og oppmodinga frå biskopen, om å ha arrangement - Mat og Prat - for dei midt i livet. Dette har vi planlagt, men pga. stadig endringar i smittevernsrestriksjonane vart det utsett. Mat og Prat er soknerådet klar til å gripe fatt i så snart som mogeleg.

Vi kan kanskje også seie at det har kome noko positivt ut av pandemien.

Covid19 har gitt oss høve til å stoppe opp, vi har gjort oss nye erfaringar, og vi stiller oss spørsmåla:

Korleis vere kyrkje i tida etter Covid 19? Korleis bygge fellesskap når vi samstundes må halde avstand? Treng vi gjere ting på same måten vidare? Korleis vere kyrkje i ei tid der kyrkja og samfunnet endrar seg? Korleis vere kyrkje på ein ny måte?

Lavik 1. mars 2021

Lavik sokneråd